



Kvinnheringane saman med Lars Monsen på Hardangervidda. F.v: Geir Lyhammar, Marit Bergheim, Magne Omvik, Siv Birgitte Solberg Vamråk, Lars Monsen, Eldbjørg Myklebust, Arild Gjuvsland og Lars Myklebust.

Eldbjørg og Lars Myklebust er tilbake i Uskedalen etter fem minnerike dagar på Hardangervidda saman med NRK og Lars Monsen. Turen starta på Dyranut og gjekk via Stigstuv, Rauhelleren, Heinsæter og fram til Tuva. DNT saman med NRK var arrangør og så langt vi veit, var det til saman sju kvinnheringar med i turfylgje.

I det fine veret vart det ein tur med fiske, bading og flotte naturopplevingar. Dagsrytmen var at ein var ute av teltet i 8 tida og klar for avgang ein time seinare. Monsen og NRK sendinga starta kl. 11. Det var til tider høgt tempo. Difor valde mange å starta dagsetappen tidleg og heller ta det meir roleg med rasting og fleire matpausar. I det turre veret var der viktig med lufting og vask av føtene med dertil stell mot gnagsår.



[Eldbjørg og Lars Myklebust zooma inn på NRK sendinga.](#)

Vel framme ved kvart turmål var det å slå leir på tilvist område. På kveldane var det ny NRK sending i programmet Sommarope. Utanom det dukka det opp grupper som stod for musikk og sang. Nokre hadde med lokalprodusert mat som alle fekk smaka. I tillegg til eit flott friluftsliv fekk ein møta og helsa på menneske frå heile landet og frå andre europeiske nasjonar. Det sosiale samvære er ein viktig del av slik fjellturar.

Å laga direkte NRK sending frå Hardangervidda kan vera krevjande. Crewet jobba heile tida. Nokre sprang føre og var klar med kamera og antenner på fleire høgdedrag for å få gode bilete og god sending. Sjølve studioet vog 32 kg og vart bore på ryggen i høgt tempo. Ein mann gjekk bak og såg på ein skjerm og styrte ulike kamera. Ei drone var i lufta heile tida, bortsett frå tida som gjekk med til å skifta batteri.

Ein hendingsrik tur med Lars Monsen og NRK er over, ein tur Eldbjørg og Lars Myklebust gjerne kan gå ein gong til.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Lars Myklebust/ Berit Guddal (frå NRK sendinga)



Eldbjørg Myklebust utanfor teltet dei brukte på turen Monsen minutt for minutt.